Brønnøysundregistrene

# ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2024 - GENERELL INFORMASJON

**Enheten**

| | |
|---|---|
| Organisasjonsnummer: | 983 974 694 |
| Organisasjonsform: | Annet foretak iflg. særsk. lov |
| Foretaksnavn: | HELSE FONNA HF |
| Forretningsadresse: | Karmsundgata 120<br>5528 HAUGESUND |

**Regnskapsår**

| | |
|---|---|
| Årsregnskapets periode: | 01.01.2024 - 31.12.2024 |

**Konsern**

| | |
|---|---|
| Morselskap i konsern: | Nei |

**Regnskapsregler**

| | |
|---|---|
| Regler for små foretak benyttet: | Nei |
| Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: | Regnskapslovens alminnelige regler |

**Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ**

| | |
|---|---|
| Bekreftet av representant for selskapet: | Eivind Frantzen-Knudsen |
| Dato for fastsettelse av årsregnskapet: | 27.03.2025 |

**Grunnlag for avgivelse**

År 2024: Årsregnskapet er elektronisk innlevert

År 2023: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2024

*Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.*

Brønnøysundregistrene, 06.07.2025

# Resultatregnskap

| Beløp i: NOK | Note | 2024 | 2023 |
|---|---|---|---|
| **RESULTATREKNESKAP** | | | |
| **Inntekter** | | | |
| Basisramme | 2,3 | 3 416 290 000 | 3 124 081 000 |
| Aktivitetsbasert inntekt | 2,3 | 1 285 834 000 | 1 192 646 000 |
| Anna driftsinntekt | 2,3 | 152 285 000 | 135 793 000 |
| **Sum inntekter** | 2,3 | **4 854 409 000** | **4 452 520 000** |
| **Kostnader** | | | |
| Kjøp av helsetenester | 4 | 290 574 000 | 313 921 000 |
| Varekostnad | 5 | 582 087 000 | 546 663 000 |
| Lønn og andre personalkostnader | 6,15 | 3 167 490 000 | 2 943 586 000 |
| Ordinære avskrivingar | 9 | 215 922 000 | 211 740 000 |
| Nedskriving av varige driftsmiddel og immaterielle eigedelar | 9 | 0 | 6 852 000 |
| Andre driftskostnader | 6,7,9,12 | 616 938 000 | 587 534 000 |
| **Sum kostnader** | 2 | **4 873 011 000** | **4 610 296 000** |
| **Driftsresultat** | | **-18 602 000** | **-157 776 000** |
| **Finansinntekter og finanskostnader** | | | |
| Renteinntekt frå føretak i same konsern | 8 | 7 639 000 | 10 345 000 |
| Anna renteinntekt | 8 | 5 211 000 | 4 186 000 |
| Andre finansinntekter | 8 | 38 000 | 18 000 |
| **Sum finansinntekter** | 8 | **12 888 000** | **14 549 000** |
| Rentekostnad til føretak i same konsern | 8 | 61 494 000 | 46 884 000 |
| Annan rentekostnad | 8 | -19 311 000 | -6 144 000 |
| Andre finanskostnader | 8 | 39 000 | 123 000 |
| **Sum finanskostnader** | 8 | **42 222 000** | **40 863 000** |
| **Netto finans** | 8 | **-29 334 000** | **-26 314 000** |
| **Resultat før skattekostnad** | | **-47 936 000** | **-184 090 000** |
| **Årsresultat** | 14 | **-47 936 000** | **-184 090 000** |

# Resultatregnskap

| Beløp i: NOK | Note | 2024 | 2023 |
|---|---|---|---|
| **Overføringar og disponeringar** | | | |
| Overført annan eigenkapital | 14 | -47 936 000 | -184 090 000 |
| **Sum overføringar og disponeringar** | 14 | **-47 936 000** | **-184 090 000** |

# Balanse

| Beløp i: NOK | Note | 2024 | 2023 |
|---|---|---|---|
| **BALANSE - EIGEDELAR** | | | |
| **Anleggsmiddel** | | | |
| **Immaterielle eigedelar** | | | |
| **Varige driftsmiddel** | | | |
| Tomter, bygningar og annan fast eigedom | 9 | 2 632 443 000 | 2 714 269 000 |
| Anlegg under utføring | 9 | 511 256 000 | 209 442 000 |
| Medisinskteknisk utstyr, inventar, transportmiddel o.l | 9 | 299 139 000 | 339 746 000 |
| **Sum varige driftsmiddel** | 9 | **3 442 838 000** | **3 263 457 000** |
| **Finansielle anleggsmiddel** | | | |
| Investering i andre aksjar og partar | 10 | 226 065 000 | 211 931 000 |
| Andre finansielle anleggsmidlar | | 0 | 28 000 |
| Pensjonsmidlar | 15 | 624 919 000 | 633 000 000 |
| **Sum finansielle anleggsmiddel** | | **850 984 000** | **844 959 000** |
| **Sum anleggsmiddel** | | **4 293 822 000** | **4 108 416 000** |
| **Omløpsmiddel** | | | |
| **Varer** | | | |
| Varer | 11 | 34 709 000 | 33 230 000 |
| **Sum varer** | 11 | **34 709 000** | **33 230 000** |
| **Krav** | | | |
| Kundekrav | 12 | 28 333 000 | 22 810 000 |
| Konsernkonto | 12,22 | 0 | 244 052 000 |
| Oppsamla inntekter | 12 | 14 419 000 | 2 548 000 |
| Andre kortsiktige krav | 12 | 28 457 000 | 16 501 000 |
| Konsernkrav | 12,22 | 112 798 000 | 73 752 000 |
| **Sum krav** | 12,22 | **184 007 000** | **359 663 000** |
| **Bankinnskot, kontantar og liknande** | | | |
| Bankinnskot, kontantar og liknande | 13 | 107 603 000 | 100 319 000 |
| **Sum bankinnskot, kontantar og liknande** | | **107 603 000** | **100 319 000** |
| **Sum omløpsmiddel** | | **326 319 000** | **493 212 000** |

# Balanse

| Beløp i: NOK | Note | 2024 | 2023 |
|---|---|---|---|
| **SUM EIGEDELAR** | | **4 620 141 000** | **4 601 628 000** |
| | | | |
| **BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD** | | | |
| | | | |
| **Eigenkapital** | | | |
| **Innskoten eigenkapital** | | | |
| Føretakskapital | 14 | 100 000 | 100 000 |
| Annan innskoten eigenkapital | 14 | 2 421 267 000 | 2 421 267 000 |
| **Sum innskoten eigenkapital** | | **2 421 367 000** | **2 421 367 000** |
| | | | |
| **Opptent eigenkapital** | | | |
| Annan eigenkapital | 14 | -441 127 000 | -393 190 000 |
| **Sum opptent eigenkapital** | | **-441 127 000** | **-393 190 000** |
| | | | |
| **Sum eigenkapital** | 14 | **1 980 240 000** | **2 028 177 000** |
| | | | |
| **Gjeld** | | | |
| **Langsiktig gjeld** | | | |
| Andre avsettingar for forpliktingar | 16,22 | 58 551 000 | 62 310 000 |
| **Sum avsetjingar for plikter** | | **58 551 000** | **62 310 000** |
| **Anna langsiktig gjeld** | | | |
| Langsiktig konserngjeld | 9,17,22 | 1 579 510 000 | 1 577 872 000 |
| **Sum anna langsiktig gjeld** | 9,17,22 | **1 579 510 000** | **1 577 872 000** |
| | | | |
| **Sum langsiktig gjeld** | | **1 638 061 000** | **1 640 182 000** |
| | | | |
| **Kortsiktig gjeld** | | | |
| Skuldige offentlege avgifter | | 225 926 000 | 233 482 000 |
| Kortsiktig konserngjeld | 18 | 271 361 000 | 176 696 000 |
| Anna kortsiktig gjeld | 18,22 | 504 551 000 | 523 091 000 |
| **Sum kortsiktig gjeld** | | **1 001 838 000** | **933 269 000** |
| | | | |
| **Sum gjeld** | | **2 639 899 000** | **2 573 451 000** |

# Balanse

| Beløp i: NOK | Note | 2024 | 2023 |
|---|---|---|---|
| **SUM EIGENKAPITAL OG GJELD** | | **4 620 139 000** | **4 601 628 000** |

Admincontrol

# List of Signatures

Page 1/1

**Sak 18-25 Årsmelding - årsrekneskap HF 2024-vedlegg1 - Årsm...**

| Name | Method | Signed at |
|---|---|---|
| Follesø, Kjersti Helen | BANKID | 2025-04-04 18:09 GMT+02 |
| Roald, Jo Eikeland | BANKID | 2025-04-11 13:07 GMT+02 |
| Faugstad, Anne Sissel | BANKID | 2025-04-04 17:00 GMT+02 |
| Arianson, Helga Karin | BANKID | 2025-04-04 14:40 GMT+02 |
| Hagfjall, Andrika Sabine Linnea | BANKID | 2025-04-11 13:23 GMT+02 |
| Del Pino, Jorge E Morales | BANKID | 2025-04-04 14:19 GMT+02 |
| Bratke, Heiko | BANKID | 2025-04-11 13:07 GMT+02 |
| Karlsen, Per | BANKID | 2025-04-04 12:57 GMT+02 |
| HOVLAND, ANDERS | BANKID | 2025-04-11 11:27 GMT+02 |
| Steen, Petter | BANKID | 2025-04-09 13:42 GMT+02 |
| Hauan, Gloria Martinsdóttir | BANKID | 2025-04-08 20:37 GMT+02 |
| Skogseth, Ingvill | BANKID | 2025-04-05 10:26 GMT+02 |

This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

External reference: F95E7AB25E8C484A9449397CF4F5CC1F

HELSE FONNA

# **Årsmelding** Helse Fonna HF






Følsomhet Intern (gul)

This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.
Document ID:
F95E7AB25E8C484A9449397CF4F5CC1F

## Innhald

OM HELSEFØRETAKET ..... 2
VERKSEMDSSTYRING OG INTERNKONTROLL ..... 3
PASIENTBEHANDLING ..... 4
KVALITET I BEHANDLINGA ..... 5
BRUKARMEDVERKNAD ..... 7
OPPLÆRING AV PASIENTAR OG PÅRØRANDE ..... 7
SAMHANDLING ..... 7
FORSKING OG INNOVASJON ..... 8
SIKKERHEIT OG BEREDSKAP ..... 9
INFORMASJONSSIKKERHEIT ..... 10
MEDARBEIDARAR ..... 10
UTDANNING ..... 13
HMS ..... 16
MILJØ ..... 17
LIKEVERD, MANGFALD OG LIKESTILLING ..... 18
ÅPENHETSLOVEN ..... 18
EIGEDOMSUTVIKLING ..... 19
INVESTERINGAR, FINANSIERING OG LIKVIDITET ..... 20
ÅRSRESULTAT OG DISPONERINGAR ..... 21
FRAMLEIS DRIFT ..... 22
STYRET ..... 22



Følsomhet Intern (gul)

This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
F95E7AB25E8C484A9449397CF4F5CC1F

## Om helseføretaket

Helse Fonna HF er eigd av Helse Vest RHF (regionalt helseføretak; org.nr. 983 658 725) og er del av spesialisthelsetenesta på Vestlandet og i Rogaland. Føretaket skal dekke behovet til befolkninga på ca. 183 000 innbyggarar fordelt på 16 kommunar. Behova skal dekkast uavhengig av kjønn, alder, etnisitet og religion. I tillegg til behandling og utgreiing av pasientar skal føretaket forske, utdanne helsepersonell og gje opplæring og rettleiing til pasientar og pårørande.

Helseføretaket er lokalisert over fleire lokasjonar, med sjukehus i Haugesund, Stord, Odda og Valen, samt Folgefonn DPS, Haugaland DPS og Stord DPS, ti ambulansestasjonar og ein ambulansebåt.

Føretaket er organisert i fem klinikkar; Klinikk for psykisk helsevern og rusbehandling, Klinikk for medisin Haugesund og Odda, Klinikk for medisinske tenester og beredskap, Klinikk for somatikk Stord og Klinikk for kirurgi Haugesund. I tillegg er det etablerte støtte- og fellesfunksjonar som skal bidra til ein effektiv drift av kjerneverksemda.

*Organisasjonskart over verksemda:*




Oppgåvene Helse Fonna HF skal ivareta blir kvart år definerte i eit styringsdokument som blir utarbeidd av Helse Vest RHF. Helse Fonna er forplikta til å levere på denne bestillinga innanfor dei gjeldande økonomiske rammene.



Følsomhet Intern (gul)

This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

Document ID:
F95E7AB25E8C484A9449397CF4F5CC1F

## Verksemdsstyring og internkontroll

Føretaket har lagt opp verksemdstyring og internkontroll i samsvar med bestemmingar i lov- og regelverk, samt krav og føringar frå Helse Vest RHF.

Leiinga sin gjennomgang vart gjennomført i august 2024. Fokus for gjennomgangen var å vurdere i kva grad Helse Fonna har eit hensiktsmessig styringssystem og om dette systemet bidreg til kontinuerleg forbetring av verksemda. Leiinga sin gjennomgang for 2024 viser at Helse Fonna har eit styringssystem på plass, organisasjonen har nødvendig struktur og leiing, bygger forbetringskompetanse og arbeider i samsvar med forskrift om leiing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesta. Gjennomgangen viser også at det framleis er mykje som kan utviklast og forbetrast i dei ulike delane av styringssystemet. Det er et kontinuerleg arbeid å utvikle styringssystemet og organisasjonens modningsgrad innanfor dei ulike område. Handlingsplanen etter leiinga sin gjennomgang består av tiltak som skal gjennomførast i 2024/2025 for å heve modningsgrad i høve til å nå beskrivande mål. Her blir rutinar knytt til risikostyring, læring frå uønskte hendingar, pasienterfaringsundersøkingar, kontinuerleg forbetringsarbeid og opplæring løfta fram. Leiing og beredskap vil få særleg fokus i det kommande året.

Føretaket nyttar IKT-verktøyet Synergi for å melde og dokumentere handtering av uønskte hendingar. Melding av uønskte hendingar er ei viktig kjelde til forbetring, og det blir arbeidd systematisk med å bevisstgjere og fremje ein god meldekultur. Vidare blir det arbeidd med å styrke læring frå uønskte hendingar.

Helse Fonna deltar i regionalt nettverk for risikostyring. Retningslinjer og prinsipp for risikostyring i Helse Vest er tatt inn som styrande dokument i eHandbok, og e-læringskurs for risikostyring er gjort tilgjengeleg i læringsportalen. Helse Fonna følger opp arbeidet med topp 5 risiko.

Helse Fonna har i 2024 gjennomført internkontrollverksemd etter revisjonsplan. Det er gjennomført internrevisjon på tema SVK og transfusjon av blodprodukter. Vidare er det gjennomført internrevisjon på områda kvalitetsstyringssystem, HMS, ytre miljø, forsking og innovasjon og humane celler og vev (Fertilitetseininga). Det var også planlagt internrevisjon på tema UVC på smitteisolat, men denne vart ikkje gjennomført i 2024. Sjukehusapoteket har gjennomført internrevisjon på legemiddelområdet med tema legemiddelsamstemming og dobbeltkontroll.

Det er leiar for revidert eining som er ansvarleg for å utarbeide ein handlingsplan i Synergi for tiltak som skal føre til lukking av dei avvik som kjem fram i rapporten. Frist for gjennomføring av tiltak og lukking av revisjon er 3 månadar etter mottatt revisjonsrapport. Revisjonsteamet gjennomgår og evaluerer tiltak og inviterer til dialog før lukking av revisjonen. Revisjonsrapportar som går på tvers av klinikkar blir gjennomgått i direktørmøtet. Klinikk/områdedirektør har ansvar for at lukking vert gjennomført etter plan og etterspør framdrift i eigen organisasjon.

## Pasientbehandling

Helseføretaket skal yte gode og likeverdige spesialisthelsetenester uavhengig av alder, kjønn, bustad, økonomi og etnisk bakgrunn. Føretaket kan utføre dei fleste oppgåvene innan pasientbehandling med unntak av funksjonar som det er bestemt skal sentraliserast til regionssjukehus og universitetssjukehus i regionen, som til dømes invasiv kardiologi, nevrokirurgi og visse typar kreftbehandling inkludert kirurgisk behandling av desse.

I 2024 hadde føretaket 25 875 døgnopphald, ei auke på nær 3 % frå året før. 78 % av døgnopphalda var knytt til øyeblikkeleg hjelp. Det var 24 185 døgnopphald i somatisk del av



Følsomhet Intern (gul)

This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.
Document ID:
F95E7AB25E8C484A9449397CF4F5CC1F

føretaket, ei auke på 2,9 % frå 2023., kor 81 % av opphalda var knytt til øyeblikkeleg hjelp. Det var 1 690 døgnopphald innan psykisk helsevern og rus, ei auke på 3,7 % frå 2023, og 47 % av opphalda var øyeblikkeleg hjelp. Klinikk for kirurgi Haugesund hadde 9 064 døgnopphald, Klinikk for medisin Haugesund og Odda 9 400, kor 1 345 var ved Odda sjukehus, medan Klinikk for somatikk Stord hadde 5 721 døgnopphald.

Det vart gjennomført 9 159 dagbehandlingar i 2024. 5 652 av desse var i Klinikk for kirurgi Haugesund, 1 671 i Klinikk for medisin Haugesund og Odda, derav 744 ved Odda sjukehus. I Klinikk for somatikk Stord vart det gjennomført 1 752 dagbehandlingar og 84 i Klinikk for psykisk helsevern og rus. Det var ei auke i talet på dagbehandlingar i føretaket på 3,7 % frå 2023.

Talet på polikliniske konsultasjonar i føretaket var 257 157 i 2024, ei auke på om lag 2 % frå 2023. Auken var nokolunde lik andelsvis innan somatikk og psykisk helsevern. 77 647 polikliniske konsultasjonar vart gjennomført i Klinikk for kirurgi Haugesund, 78 318 i Klinikk for medisin Haugesund og Odda, derav 9 777 ved Odda sjukehus, 26.507 i Klinikk for somatikk stord, 72 462 i klinikk for psykisk helsevern og rus og 2 223 i Klinikk for medisinske tenester og beredskap.

Samla går altså talet på både døgn- og dagopphald og polikliniske konsultasjonar opp.

Tala i dette avsnittet og avsnittet under er henta frå ulike rapportar i føretaket sin rapportportal.

## Kvalitet i behandlinga

Kvaliteten i behandlinga kan bli målt gjennom ei rekkje kvalitetsindikatorar. Desse gir eit uttrykk både for ventetider, del fristbrot og replanlegging av avtalar, og for resultatmål i behandlinga. Føretaket har mål om kontinuerleg forbetring av alle kvalitetsindikatorar og arbeider målretta med dette.

**Ventetid og fristbrot**
Føretaket hadde i 2024 ei gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar på 65 dagar, mot 68 dagar i 2023. Klinikk for kirurgi Haugesund hadde ei gjennomsnittleg ventetid for behandla på 69 dagar, Klinikk for medisin Haugesund og Odda 66 dagar og Klinikk for somatikk Stord 63 dagar. Innan psykisk helsevern for vaksne var ventetida 51 dagar, psykisk helsevern for barn og unge 51 dagar og rusbehandling 32 dagar. Ventetidene for behandla pasientar har gått ned innan både somatikk og psykisk helsevern og rus, samanlikna med 2023. Det er gjort eit omfattande i heile føretaket for å redusere desse, og dette har gitt gode resultat. Arbeidet vil fortsetje i 2025, både regionalt og lokalt og målet er ytterlegare reduksjon i ventetidene i 2025, i tråd med Ventetidsløftet.

Det var i føretaket 2 933 fristbrot for behandla pasientar, ein nedgong på om lag 18 % frå 2023. Det var 1 658 fristbrot i Klinikk for medisin Haugesund og Odda, 806 i Klinikk for somatikk Stord, 400 i Klinikk for kirurgi Haugesund og 61 i Klinikk for psykisk helsevern og rus. Talet på fristbrot for ventande er og framleis på veg nedover, noko som vil føre til at talet på fristbrot for behandla også blir ytterlegare redusert.

**Kvalitetsindikatorer**
Helse Fonna arbeider aktivt og kontinuerleg med kvalitetsforbetring. Kvalitetsregister og kvalitetsindikatorar har ei sentral rolle i dette arbeidet. Indikatorane gir oss viktig informasjon om kvaliteten i føretaket og er gode utgangspunkt for forbetringarbeid.



Følsomhet Intern (gul)

This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.
Document ID:
F95E7AB25E8C484A9449397CF4F5CC1F

Forbetringarbeidet har to samtidige oppgåver: Å halde den høge kvaliteten der me allereie er gode og å forbetre kvaliteten der me ikkje har så gode resultat. Resultat frå dei nasjonale kvalitetsregistera blir sett på agendaen i direktørmøta i føretaket, der kvalitet og pasientsikkerheit er fast punkt på agendaen kvar 14. dag.

Arbeidet med forbetring av «raude» indikatorar blir systematisert i regi av Avdeling for kvalitet og pasientsikkerheit. Det er oppretta ein handlingsplan for forbetringsarbeidet, der problematikken blir adressert og tatt opp i dei involverte avdelingar/klinikkar med kartlegging av faktorar som kan spele inn, vurdering av verdien av forbetring og tiltak for å oppnå dette. Me har forventningar om at denne systematiseringa av arbeidet på sikt kan vera med og gje ytterlegare forbetring av kvaliteten i pasientbehandlinga i føretaket.

**Kvalitet og pasientsikkerheit**
Kvalitetsutvalet i Helse Fonna er ein del av føretaket sitt arbeid med kvalitet og pasienttryggleik. Alle alvorlege hendingar som blir melde til Helsetilsynet blir handsama i Kvalitetsutvalet. 18 slike hendingar har vore handsama i 2024. Kvalitetsutvalet har stort fokus på arbeidet med å lære på tvers av einingar og føretak. Det er publisert 2 læringsmeldingar, 2 melde på tvers-saker er delt med dei andre føretaka i Helse Vest. Det er i 2024 oppretta kvalitetsråd i alle klinikkar. Ein vil arbeide vidare med tiltak på korleis kvalitetsutvalet og kvalitetsråda kan samarbeide om å vidareutvikle system for læring på tvers.

Det er i 2024 meldt 3 184 pasientrelaterte hendingar i føretaket sitt avvikssystem Synergi. Talet på meldingar er klart aukande dei 5 siste åra. Kvalitetsutvalet ser dette som uttrykk for eit fokus på meldekultur og at det er trygt å melde uønskte hendingar i Helse Fonna. Saker som er gjentakande og blir meldt frå fleire klinikkar er fall, legemiddelhandtering, manglande samsvar mellom oppgåver og ressursar, overflytting/overføring av pasientansvar og hendingar på tvers av somatikk og psykisk helsevern. Tiltak for å redusere uønskte hendingar er mellom anna det regionale arbeidet innan risikoområde legemiddel (ROMLE) som har vore eit av topp 5 risikoområda i Helse Vest.

Føretaket har i 2024 motteke 105 nye erstatningssaker frå Norsk Pasientskadeerstatning som gjeld behandling utført hos oss. Dette er 23 saker færre enn i 2023. I 2024 var det 24 pasientsaker der pasienten fekk medhald, det er 12 færre enn 2023. Alle saker med medhald i NPE blir nå registrert i Synergi, for oppfølging i aktuell avdeling. Dette vil vera eit viktig verkemiddel for å avdekke årsaksforhold og leggje til rette for tiltak som kan medføre kvalitetsforbetring og færre pasientskader.

Helse Fonna følgjer opp regional plan for kvalitet og pasienttryggleik (2020-2024). For kvart tiltak i regional plan er det skissert mål og tiltak i føretaket, og kven som har ansvar for oppfølging og framdrift. Helse Fonna hadde 21 deltakarar i Helse Vest si grunnutdanning i forbetringsmetodikk hausten 2024, og 4 som gjennomførte rettleiarutdanning. Helse Fonna har nå 107 tilsette som har gjennomført grunnutdanning i forbetringsmetodikk og 12 godkjende rettleiarar innan forbetringsmetodikk. Dette er framleis eit godt stykke frå dei måla me har om høvevis 10 % og 1 % av tilsette i føretaket med slik kompetanse.

Helse Fonna har deltatt i arbeidet med å utvikle nytt regionalt rammeverk for kvalitet og pasienttrygggleik (2025-2029).

Arbeidet med pasienttryggleik og HMS er viktige verkemiddel for å sikre trygge tenester. HMS-avdelinga og Avdeling for kvalitet og pasientsikkerheit samkøyrer difor deler av arbeidet ved å ha faste, regelmessige møter.

Det vart gjennomført 5 pasienttryggleiksvisittar i 2024. Pasienttryggleiksvisittane har til hensikt å utvikle openheitskultur der pasienttryggleik er første prioritet. Leiinga skal oppmuntre til





This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.
Document ID:
F95E7AB25E8C484A9449397CF4F5CC1F

rapportering av problem, feil og nestenulukker. Saman skal ein sjå på moglegheiter for å forbetre pasienttryggleiken ved sjukehusa, for å kunne redusere talet på pasientskadar.

**Prevalensundersøkingar og GTT**
I 2024 blei det gjennomført to prevalensundersøkingar av trykksår/inkontinens assosiert dermatitt (IAD). Prevalensundersøkinga som vart gjennomført i mai viste at 5,22 % av pasientane hadde fått trykksår under gjeldande innlegging og 3,84 % av pasientane hadde fått IAD. Det er reduksjon i antal trykksår frå 10,41, og ei auke i antal IAD frå 0,45 % i mai 2023. Prevalensundersøkinga i november 2024 viste at 4,69% av pasientane hadde utvikla trykksår under innlegginga og 0,78 % av pasientane hadde fått IAD. Dette viser ei nedgang i trykksår samanlikna med 2023, og ei auke i antal IAD.

Det vart i 2024 arrangert fagseminar for trykksår og IAD ved alle tre sjukehusa i Helse Fonna. Dette for å auke fokus på førebygging og behandling av trykksår og IAD.

Framleis vil eit auka fokus rundt risikomøter på avdelingane vera eit viktig verktøy for førebygging, tidleg diagnostisering og behandling av desse tilstandane.

Føretaket nyttar Global trigger tool (GTT) som metode i kvalitetsforbetring. I 2023 fann Helse Fonna minst ei pasientskade i 20,4 % av dei pasientopphalda som blei undersøkte. Dette er ei auke frå 15,8 % i 2022. Helse Fonna hadde framleis for høg andel opphald med pasientskade i 2023, og vil arbeide vidare for å nå målet om reduksjon til 10 % i 2024.

## Brukarmedverknad

Involvering av brukarrepresentantar på systemnivå har blitt bra innarbeida i føretaket, dette gjeld også alle felles foruma med kommunane gjennom helsefellesskapet. På tenestenivå er det framleis ein jobb å gjere med å sikre brukarrepresentasjon i prosjekt og arbeidsgrupper. Den enkelte pasient og brukar sin rett til å medverke i val av tenestetilbod, undersøkings- og behandlingsmetodar er eit tema som må ha vidare fokus.

I 2024 blei det laga eigne nettsider med informasjon om brukarmedverknad på system- og tenestenivå i Helse Fonna. Der er det mellom anna informasjon om kor korleis ein skal melde inn behov for representantar og kven som har ansvar for opplæring og oppfølging.

## Opplæring av pasientar og pårørande

Lærings- og meistringssenteret skal ivareta pasient- og pårørandeopplæring for pasientar i somatiske avdelingar i Helse Fonna, og er lokalisert på Bergsenteret Raglamyr.

Drifta ved LMS i Helse Fonna går som normalt. 20 ulike kurs vert tilbode, der tre av kursa er habiliteringsavdelinga sine eigne kurs. I avdelingane blir meir praktisk individuell opplæring i pasientforløpa gjennomført, medan LMS-kursa er gruppebaserte med både fagleg innhald og erfaringsdeling. I tillegg er det kurs i helsepedagogikk, for å auka kompetansen til alle som har pasient- og pårørandeopplæring. Via fagnettverket i Helse Vest har det i 2024 blitt planlagt fleire digitale LMS-kurs på tvers av helseføretaka, med oppstart i 2025.

Det vart gjennomført 54 kurs i 2024. 5 planlagde kurs vart avlyst. 358 pasientar og 376 pårørande deltok på kurs i 2024, mot 501 pasientar og 326 pårørande i 2023.

## Samhandling



Følsomhet Intern (gul)

This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.
Document ID:
F95E7AB25E8C484A9449397CF4F5CC1F

Samhandling med kommunane er eit satsingsområde i Helse Fonna. I tråd med nasjonale føringar er det etablert helsefellesskap mellom Helse Fonna og kommunane. Føremålet er å skape ei meir samanhengande og berekraftig helse- og omsorgsteneste til pasientar og brukarar som treng tenester både frå spesialisthelsetenesta og kommunane. Det skal vere særleg fokus på å utvikle gode tenester og pasientforløp til dei prioriterte pasientgruppene; barn og unge, personar med alvorlege psykiske lidingar og rusproblem, skrøpelege eldre, personar med fleire kroniske lidingar og kvinner gjennom graviditet, fødsel og barseltid.

*Figuren synar organiseringa av Helsefellesskapet i Fonna-regionen:*




I 2024 har ein arbeida med å vidareutvikla og styrka helsefellesskapet gjennom utarbeiding av overordna strategi og revisjon av mandat for dei faglege samarbeidsutvala. Strategisk samarbeidsutval har teke avgjerd om å avvikle FOUSAM (felles FOU-eining for samhandling). Eit felles sekretariat med bemanningsressursar frå interkommunal samhandlingseining og samhandlingseininga i Helse Fonna skal ivareta framtidig koordinering av aktiviteten i helsefellesskapet.

Helsefellesskapet har motteke 5,3 mill. kr i rekrutterings- og samhandlingstilskot. Tilskotet er varig og skal understøtte forpliktande samarbeid mellom kommunar og helseføretak om tenesteutvikling og gode pasientforløp. Tildelte midlar i 2024 er overførde til 2025. Strategisk samarbeidsutval utarbeider kriterier for bruk av midlane med utgangspunkt i overordna strategi og handlingsplan for helsefellesskapet. Første søknadsfrist blir våren 2025.

Samhandlinga mellom føretaket og kommunane er regulert i eit sett med avtalar som skal følgjast opp gjennom den etablerte samhandlingsstrukturen i helsefellesskapet. I 2024 starta ein arbeidet med å revidera samarbeidsavtalane i samsvar med den nye rettleiaren.

## Forsking og innovasjon

Forsking er ei lovpålagt oppgåve for spesialisthelsetenesta (Lov om spesialisthelsetenester §3-8). I styringsdokument til føretaket for 2024 er eit av hovudmåla å styrke forsking, innovasjon og kompetanse. Det blir mellom anna trekt fram at klinisk forsking skal vere ein integrert del av all klinisk praksis og pasientbehandling. Det er eit mål at talet på kliniske behandlingsstudiar i 2024 er auka med minst 15% samanlikna med 2023.

**Kliniske behandlingsstudiar**
Helse Fonna har på plass eit godt støttesystem for gjennomføring av kliniske behandlingsstudiar, med koordinator og forskingsbioingeniør, i tillegg til deltidsstillingar som studiesjukepleiar ved fagområda eldremedisin, nevrologi og kreft, og koordinator ved radiologisk eining. Helse Fonna har hatt 13 aktive kliniske behandlingsstudiar i 2024. Til samanlikning var det åtte aktive studiar i 2023.





This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.
Document ID:
F95E7AB25E8C484A9449397CF4F5CC1F

Helse Fonna fekk ikkje tildelt stipend frå Helse Vest i tildelinga i 2024 (for 2025). Det var fem 50% PhD-stipend, fem 50% postdoctor-stipend og eit 50% klinisk forskarstipend som hadde ekstern finansiering i 2024.

**Intern finansiering av forskingsprosjekt**
Helse Fonna har i dag fem heile faste forskarstillingar (to 100% og seks 50%), i tillegg til seks 50% PhD-stipend og ett 50% postdoctor-stipend . Dette er finansiert av interne midlar.

**Formidling**
I 2024 var det 55 vitskaplege publikasjonar der ein eller fleire av forfattarane hadde adresse i Helse Fonna. I tillegg bidrog forskarane med formidling gjennom eksempelvis føredrag, posterpresentasjonar og fagfellevurderingar. Helse Fonna arrangerte saman med Høgskulen på Vestlandet *Forskningsdagane* i september 2024, der fleire forskingsprosjekt blei presenterte.

**Brukarmedverknad i forskning**
Det er etablert rutinar for brukarmedverknad i forskingsprosjekt. Nye prosjekt skal legge fram sin plan for brukarmedverknad i Helse Fonna sitt brukarutval. Eit stort fleirtal av prosjekta rapporterer at dei har brukarmedverknad. Det er stor variasjon i grad av brukarmedverknad, men fleire prosjekt rapporterer at brukarane er involvert i alle fasar i prosjektet, frå planlegging til publisering. Brukarutvalet skriv i sin kommentar til Årleg melding for Helse Fonna 2024: *Brukerutvalget ba i fjor om å bli tatt mer med i helseforetakets planlegging og gjennomføring av forskningsprosjekter. Denne oppfordringen er blitt fulgt godt opp og vi setter stor pris på å bli holdt løpende orientert og få komme med innspill til forskningsemner som kan ha betydning for våre pasienter, ikke minst i utviklingen kliniske studier i foretaket. Det gleder oss derfor at antall kliniske studier har økt betydelig dette året.*

**Innovasjon**
Helse Fonna har i 2024 hatt 50% ressurs som innovasjonsrådgjevar våren 2024 og 70% hausten 2024. Frå 2025 er denne ressursen auka 150%. Prosjekta som fekk tildeling i 2023 er godt i gang, og nye prosjektideaer blir følgt opp og forankra med tankte på utlysing av Helse Vest midlar i januar 2025. Helse Fonna har fleire innovasjonsprosjekt med mål om komme fram til personellsparande løysingar, til dømes tilrettelegging for meir persontilpassa oppfølging av pasientar med beinbrot og barn med diabetes. Her blir digitale verktøy tatt i bruk.

I 2024 hadde Helse Fonna åtte pågåande innovasjonsprosjekt. Helse Fonna nyttar Idémottaket for innmelding og oppfølging av innovasjonsidéar og -prosjekt.

Helse Fonna inngjekk ny avtale med Valide som teknologioverføringsselskap (TTO) i 2024.

## Sikkerheit og beredskap

Beredskap og sikkerhetsarbeidet i Helse Fonna har i 2024 vore del av leiinga si gjennomgong. Målsetting for arbeidet har vore å strukturere arbeidet og sikre involvering ut i organisasjonen. Det er utarbeida malar for avdelingsvis revidering av beredskapsplanar, og beredskap har vore tema på avdelingsmøter i fleire klinikkar. I revisjonsarbeidet er malar og metodar for arbeidet testa ut på enkeltavdelingar. Overordna beredskapsplan er revidert, og arbeid med revisjon av avdelingsvise planar pågår. Beredskapshendingar i Helse Fonna har i stor grad vore handtering knytt til varsel om ekstremvær i regionen. Dette har inkludert flytting og oppbemanning av





This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.
Document ID:
F95E7AB25E8C484A9449397CF4F5CC1F

ressursar prehospitalt, og sikring av transport for nødvendig helsepersonell. Beredskapsarbeid har også vore å bistå aktivt i handtering av hendingar som ikkje har utløyst beredskap,

Kriser og krig i Europa påverkar arbeidet med beredskap regionalt og lokalt, og beredskapsarbeidet i Helse Fonna er styrka gjennom året. Samarbeid med kommunane om beredskap er viktig i føretaket sitt beredskapsarbeid, og kontakten med kommunane om beredskap er auka i 2024. Frametter vil fokus vera å få på plass reviderte avdelingsvise planar, bidra aktivt i utarbeiding av regionale beredskapsplanar og fortsette med evaluering og læring etter hendingar og øvingar. Målet er å sikre ein robust og responsiv beredskap som kan handtere både lokale og regionale utfordringar.

## Informasjonssikkerheit

Helse Fonna har implementert nytt styringssystem for informasjonssikkerheit og personvern med tilnærming til NSMs grunnprinsipp. Dette gir eit betre grunnlag for bruk og utvikling av IKT-infrastruktur. Det er implementert sårbarheitsskanning av nettverk og IKT-infrastruktur til dei medisintekniske miljøa for Haugesund sjukehus. Det er oppretta eit team som handterer sårbarheiter frå sårbarheitsskanning og som kjem frå HelseCERT.

Det har vorte utført ein risikoanalyse på "totalt bortfall av IKT" som har teke for seg alle delar av infrastrukturen som blir påverka av eit slikt bortfall. Det er starta med å sjå på risikoane for å finna tiltak som kan redusera desse. Det blir også gjennomført risikoanalysar på alle nye system og utstyr som skal inn i Helse Fonna si infrastruktur.

Informasjonssikkerheitsleiar og beredskapsleiar har delteke i den regionale arbeidsgruppa for å utarbeida delplan for IKT-beredskap.

Helse Fonna har delteke i den regionale arbeidsgruppa for regionale tiltak. Det er også som eit resultat av dette oppretta eiga arbeidsgruppe for med.tek-nettverk som Helse Fonna deltek i. Som oppfølging av arbeidet i den regionale arbeidsgruppa er det oppretta lokale tiltak som det er jobba med igjennom 2023 og 2024:

- Kartlegge risiko i alle system og løysingar i lokal infrastruktur
- Etablering av forenkla risikovurdering
- Identifisera nettverkssegment for sårbarhetscan
- Etablering kjerneteam for sårbarheitsagering
- Etablering av systemeigarskap- og systemansvarsrutinar
- Oppdatera systemeigarskap i systemporteføljen
- Risikovurdering av "totalt bortfall IKT"
- Lokal tilpassing og etablering av revidert styringssystem for informasjonstryggleik
- Utviding og etablering av regelmessig sårbarheitsskanning

Fleire av tiltaka er implementert og gir Helse Fonna betre oversikt over lokale system og eit betre grunnlag for å jobbe med å minimere sårbarheitsvektorar. Vidare er det planlagd at rapportering og oppfølging av fleire av tiltaka skal gjerast av Regionalt sikkerheitsutval, då mange av tiltaka krev kontinuerleg arbeid.

## Medarbeidarar



Følsomhet Intern (gul)

This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.
Document ID: F95E7AB25E8C484A9449397CF4F5CC1F

**Forbetring**
Føretaket gjennomførte for 7. gang den årlege nasjonale medarbeidarundersøkinga, ForBedring i starten av året. Alle einingane kartlegg både arbeidsmiljø, HMS og kultur for pasienttryggleik. Svarprosent for Helse Fonna var i 2024 73,4%, som var omlag 2 prosent lågare enn 2023. Det vart gjennomført informasjonsmøte for leiarar, verneombod og tillitsvalde på alle sjukehusa i forkant av publisering. ForBedring 2024 viste høgt engasjement blant medarbeidarane og høge poengskår for leiarane. Undersøkinga viste samstundes lågare poengskår enn referansen når det gjeld temaet om arbeidsforhold. Kartlegginga blir følgt opp med at kvar eining gjennomfører risikovurdering av HMS og pasientsikkerheit i sitt arbeidsmiljø, og følger opp med eigen handlingsplan i Synergi. Ei oppsummering av resultata blir gjennomgått i direktørmøte, AMU og i styremøte.

**Sjukefråvær**
Helse Fonna arbeider systematisk med oppfølging av sjukemelde. Næraste leiar har ansvaret, og ved behov bidreg avdeling for personal- og organisasjon og/eller bedriftshelsetenesta.

*Utvikling i sjukefråvær (interregional indikator):*

| | 2022 | 2023 | 2024 |
|---|---|---|---|
| **Gjennomsnittleg samla sjukefråvær** | 8,5% | 8,5% | 8,3% |
| **Kortidsfråvær** | 3,1% | 2,5% | 2,2% |
| **Langtidsfråvær** | 5,4% | 6,1% | 6,1% |
| **Eigenmeldt sjukefråvær** | 2,0% | 1,5% | 1,3% |
| **Legemeldt sjukefråvær** | 6,5% | 7,0% | 7,0% |

*Utvikling sjukefråvær (interregional indikator SSB)*

| | 2022 | 2023 | 2024 |
|---|---|---|---|
| **Gjennomsnittleg samla sjukefråvær** | 7,6% | 7,7% | 7,5% |
| **Korttidsfråvær** | 2,8% | 2,2% | 2,0% |
| **Langtidsfråvær** | 4,8% | 5,5% | 5,5% |
| **Eigenmeldt sjukefråvær** | 1,8% | 1,4% | 1,2% |
| **Legemeldt sjukefråvær** | 5,8% | 6,3% | 6,3% |

SSB valte for nokre år sidan å endre sjukefråværsstatistikken sin. Årsaka til endringa er utviding av feriefritid, som aukar med alderen. I tillegg blir ferien avvikla annleis no enn for dei siste 10–20 åra. Dei regionale helseføretaka har derfor bestemt å harmonisere sjukefråværsstatistikken sin med SSB. SSB korrigerer ikkje for ferie eller utdanningspermisjon ved berekning av sjukefråværsprosent. For helseføretaka vil det i praksis bety at summen i nemnaren på den nye sjukefråværsprosenten vil vere høgare enn det har vore til no. Det betyr igjen at for enkelte månader med mykje ferie, vil sjukefråværsprosenten vise noko lågare sjukefråværsprosent enn tidlegare. Den nye indikatoren påverkar berre sjukefråværsprosenten og ikkje sjukefråværsdagar. Det vil bli rapportert på begge indikatorar fram til om med mars 2025.

Helse Fonna samarbeider tett med NAV arbeidslivsenter gjennom IA avtalen. Vi arbeider både på individ- og gruppenivå med mål om å redusere sjukefråværet. Det er sett ned ei ressursgruppe som består av representantar frå tillitsvalde, verneombod, BHT, personal- og organisasjon og NAV arbeidslivsenter. Gjennom samarbeidet er piloten «Innsatsteam» satt i gang i klinikk for medisin Haugesund og Odda. «Innsatsteam» består av representantar frå NAV, rådgjevar frå HR, tillitsvalt og verneombod. Representantane gir råd og rettleiing til leiar.



Følsomhet Intern (gul)

This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.
Document ID:
F95E7AB25E8C484A9449397CF4F5CC1F

Hausten 2023 korrigerte HF rutinen for sjukefråvær for meir å tydeleggjera leiar sine oppgåver i sjukefråværsløpet. I 2024 har HR hatt systematisk opplæring til alle sjukehusa i føretaket. Innhaldet har vore informasjon om sjukefråværshandtering og opplæring i rutine for oppfølging av tilsette som har sjukefråvær. Det er utarbeida ei eiga intranettside for sjukefråværsarbeid og IA arbeid, slik at leiar lettare kan finna nødvendig informasjon. Bransjeprogrammet for IA i sjukehus, «Der skoen trykker», er også eit av tiltaka som utvalde einingar deltar i. Dette har i 2024 vist gode resultat. Sjukefråværet har frå juni 2024 vore lågare enn dei tidlegare åra for same periode.

**Kompetanseutvikling**

Føretaket har vedteke ein strategisk kompetanseplan for Helse Fonna 2021–2026. Planen legg føringar for korleis føretaket strategisk skal planleggje for å sikre tilstrekkeleg kompetanse og rett kompetansesamansetjing gjennom å utdanne, rekruttere, behalde og leggje til rette for forsking, fagutvikling og livslang læring. Planen er eit verktøy for å bidra til systematisk planlegging og utvikling av kompetanse- og utdanningstiltak, og sikre at tiltaka er målretta og i samsvar med føretaket sitt behov. Planen har hovudfokus på dei kliniske fagområda. Den strategiske kompetanseplanen er i tråd med strategiarbeidet for kompetanse i Helse Vest og i samsvar med føringane i føretaket sin utviklingsplan. Planen har identifisert ulike tiltaksområde for oppfølging.

Kvart år blir det gjennomført eit stort omfang av internundervisning og kursdagar med fagretta kompetansehevande tiltak for medarbeidarane i dei ulike klinikkane. E-læring blir òg i stor grad nytta som læringsmetode. Læringsportalen inneheld ei lang rekkje kurs som alle medarbeidarar har tilgang til. Nokre av kursa er obligatoriske og lovpålagde for grupper av tilsette. Status på gjennomføring kan til ei kvar tid hentast ut på alle nivå i organisasjonen. Det vart gjennomført 21.181 kurs via e-læring og 1.021 kurs via klasserom i 2024. Føretaket har ei aktiv rolle i kva nye e-læringskurs som skal utviklast i regionen, og deltek i regionalt samarbeid knytt til drift og utvikling av Læringsportalen.

Kompetanseportalen blir nytta til å dokumentere kompetanse hos medarbeidarane gjennom regionale, sentrale og lokale kompetanseplanar som blir delte til den enkelte eller grupper av medarbeidarar. Leiarane kan nytte dette for å identifisere behov for vidare opplæring og utvikling hjå medarbeidarane sine. Medarbeidarsamtalen skal òg dokumenterast i Kompetanseportalen. Det er utarbeidd ein sentral plan for leiarar i Helse Fonna som inneheld både regionale og lokale krav. Planen er tildelt alle leiarar og er eit supplement til leiaropplæring for nytilsette leiarar.

Kompetanseportalen er det nasjonale dokumentasjonsverktøyet for oppnådde læringsmål for legar i spesialisering (LIS). Portalen er òg tatt i bruk for å dokumentere kompetansemål for lærlingar i ambulansetenesta, helsefag og reinhald. For jordmorstudentar er dokumentasjonsverktøyet tatt i bruk i Helse Vest.

**Heiltid og oppgåvedeling**

Oppfølging av klinikkane i Helse Fonna syner at heiltidsarbeidet er godt integrert i drift. Både leiarar og tillitsvalde har fokus på dette. Det har vore ein positiv utvikling på tal heiltid dei siste åra. Føretaket arbeidar også med bemanningsplanar med langvakter, som igjen legg godt til rette for heile stillingar.



Følsomhet Intern (gul)

This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.
Document ID: F95E7AB25E8C484A9449397CF4F5CC1F

*Figuren syner utviklinga for tilsettingar i heiltid og deltid:*




Det er eit fokus i føretaket på å sikre god oppgåvedeling og å rekruttere mellom anna helsefagarbeidarar og andre fagarbeidargrupper, som til dømes portør. I regi av HR-avdelinga i føretaket er det sett i gang eit prosjekt for utvikle oppgåvedelinga mellom sjukepleiar og helsefagarbeidar. Prosjektet tar utgangspunkt i opplæring i konkrete arbeidsoppgåver for å sikre god kompetanseoverføring til nye arbeidsoppgåver. For å auke heiltid er det viktig å sjå på oppgåvedeling saman med tenestestyrte bemanningsplanar, og dette er eit fokusområde framover.

**Etterleving av lov- og avtaleverk om arbeidstid**
Einingane rapporterer jamleg på tiltak knytt til etterleving av lov- og avtaleverk om arbeidstid. Dette blir også lagd fram for arbeidsmiljøutvalet. Dei tre vanlegaste årsakene til brot på reglar for arbeidstid i 2024 har vore: Mangel på naudsynt kompetanse, akutt sjukdom og endring i aktivitet. Dette har vært likt dei 6 siste åra. Dei fire hyppigaste typane brot på arbeidstidsreglane i 2024 er maksimum timetal per veke, arbeidsfri før vakt, samla tid per dag og vekefri. Den prosentvise fordelinga av dei fire typane brot er relativt stabil per år, der vekefri utgjer den største delen i 2024. Rapporten viser at Helse Fonna har ein nedgang i moglege AML-brot i perioden 2023 – 2024. Vi hadde ein lita auke frå 2022-2023 på ca. 1400 moglege AML-brot, men i 2024 er det tilsvarande som 2022.

**Dialog og drøfting**
Det er tette og systematiske møter mellom leiing, føretakstillitsvalde/tillitsvalde og føretaksverneombod/verneombod på alle nivå i organisasjonen. Disse møta er eit godt grunnlag for informasjon, dialog og medverknad om forhold som er viktige for arbeidsmiljøet og utviklinga av føretaket. I tillegg til føretakshovudverneombod er det klinikkverneombod i alle klinikkar og verneombod fordelt i oversiktlege område i alle einingar. Det er om lag 80 verneombod i føretaket.

## Utdanning

Føretaket har eit nært og godt samarbeid med relevante høgskular og universitet, særleg med Høgskulen på Vestlandet (HVL) ved campus Haugesund, Stord og Bergen, samt Universitetet i Bergen. Det er etablert institusjonelt samarbeid om utdanning mellom føretaket og HVL på nivå 1, nivå 2 og nivå 3. Nivå 3-samarbeidet er fagspesifikt og omfattar mellom anna arbeid med utfordringar knytt til gjennomføring av praksis.



Følsomhet Intern (gul)

This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.
Document ID:
F95E7AB25E8C484A9449397CF4F5CC1F

Tilsvarande er det etablert institusjonelt samarbeid på nivå 1 og 2 innan forsking. Desse avtalane regulerer samhandlingsforma mellom aktørane, samt kven som skal representere partane i dei ulike fora. Føretaket deltek med representantar i to regionale samarbeidsorgan mellom universitet/høgskule og helseføretak: eitt for utdanning og eitt for forsking og innovasjon.

Studentar og lærlingar har eigne rettleiarar i einingane der praksisstudia blir gjennomførte. Nokre einingar har tilsette med delar av stillinga øyremerkt for studentrettleiing og oppfølging. Det er eit ønskje om å ha fleire tilsette med særskilt ansvar for koordinering, rettleiing og oppfølging av studentar. Einingar som har tilsette i slike funksjonar opplever mindre press på praksisrettleiarane, og studentane gir gode tilbakemeldingar på praksisopplevinga. Universitetet i Bergen har eigne ressursar tilsett i føretaket for oppfølging av studentar i medisinutdanninga.

Det er ei forventing om at praksisrettleiarar på sjukehusa har formell utdanning innan rettleiing, og utdanningsinstitusjonane tilbyr slik utdanning som eit emne på 10 studiepoeng kvart semester. Målet er å auke gjennomføringa av denne utdanninga, og eit av tiltaka som er gjort for å auke rettleiarkompetansen i Helse Vest er å tilby 10 e-læringskurs innan studentrettleiing. Fleire føretak, inkludert Helse Fonna, planlegg nettverkssamlingar for studentrettleiarar med fagleg påfyll i ein travel kvardag.

Hausten 2024 vart det starta eit pilotprosjekt for ny organisering av sjukepleiestudentar i praksis, etter tilrådingar frå den regionale arbeidsgruppa som har arbeidd med dette. Ein går frå å ha to praksisperiodar innan medisin og kirurgi til å ha éin lengre periode innan anten medisin eller kirurgi, og i tillegg ha større fokus på samhandling mellom kommune- og spesialisthelsetenesta. Denne omlegginga frå to til ein praksisperiode per sjukepleiarstudent i føretaket gir stort utslag på talet på praksisperiodar som vert rapporterte inn. I tillegg har sjukepleiekulla vore historisk låge dei siste åra, noko som òg påverkar totaltalet.

Universitet i Bergen har eigne ressursar tilsett i føretaket, til oppfølging av studentar i medisin-utdanninga.

I 2024 har føretaket hatt omlag 1100 praksisperiodar (ein student kan gjennomføre fleire praksisperiodar) i praksis-/utdanningsløp frå universitet, høgskular og vidaregåande skular. Tabellen under syner korleis dette fordeler seg på dei ulike utdanningsnivåa:

| **Utdanningsnivå** | **Tal på praksisperiodar i 2023** | **Tal på praksisperiodar i 2024** |
|---|---|---|
| Vidaregåande opplæring | 77 | 75 |
| Opp til bachelornivå | 517 | 412 |
| Opp til masternivå | 181 | 137 |
| Spesialistutdanning (LIS 1-3 og psykologar) | 473 | 487 |
| **Sum** | **1248** | **1111** |

Rekrutteringsutfordringane føretaket står overfor, har aktualisert behovet for å utdanne, rekruttere og behalde helsepersonell, særleg tilgangen til tilstrekkeleg fagleg kapasitet for spesialsjukepleiarar. For fleire av utdanningsgruppene er det ein høg alderssamansetjing, samtidig som det er krevjande å rekruttere til ledige stillingar. For å sikre rekruttering til utdanningane blir det inngått avtalar om utdanningsstillingar med lønn, samt bindingstid etter fullført utdanningsløp. I 2024 fekk Helse Fonna tilsett fleire i utdanningsstillingar enn nokon gong før, og HVL campus Haugesund har fylt opp studieplassane innan anestesi og operasjon. Intensivutdanninga har ikkje klart å fylle opp studieplassane sine over fleire år, noko som påverkar Helse Fonna negativt med omsyn til rekruttering av intensivsjukepleiarar. I 2024 vart kvoteordninga som vart innført i 2023, og som innebar at føretaket var sikra inntil halvparten av



Følsomhet Intern (gul)

This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.
Document ID:
F95E7AB25E8C484A9449397CF4F5CC1F

studieplassane på kvar studieretning og studiestad, tatt bort, men Helse Fonna har likevel avtale med nesten 100 % av studentane.

Tabell under syner korleis tilsetting i utdanningsstillingar fordeler seg innan dei ulike spesialutdanningane hausten 2024. Det er ei auke på 11 utdanningsstillingar frå 2023.

| Spesialisering | Utdanningsstilling Haugesund | Utdanningsstilling Stord | Utdanningsstilling Odda |
|---|---|---|---|
| **Master i jordmorfag** | 4 | 1 | 1 |
| **Anestesisjukepleie** | 5 | | |
| **Intensivsjukepleie** | 6 | 1 | 1 |
| **Operasjonssjukepleie** | 4 | 2 | 0 |
| **Kreftsjukepleie** | 3 | 2 | |
| **Sum** | **22** | **6** | **2** |

I 2024 har føretaket også hatt medarbeidarar under vidareutdanningar på deltid innan psykisk helse og rusarbeid, geriatrisk sjukepleie, palliativ sjukepleie, relasjonelt arbeid med sorg, traume og livsmeistring, akuttmedisinsk sjukepleie, nyfødt sjukepleie, nevrosjukepleie, lungesjukepleie og stomi- og kontinenssjukepleie.

Føretaket har i 2024 hatt totalt 46 stillingar for lærlingar:

- 19 helsefagarbeidar
- 24 ambulansefagarbeidar
- 2 ernæringskokk
- 1 vaskerioperatør

Helse Fonna er godkjent lærebedrift for reinhaldsoperatør, Føretaket arbeidar med godkjenningar i fleire nye fag, og kartlegging av ufaglærte medarbeidarar som kan inngå i eit fagbrevforløp.

I 2024 blei det tilsett 12 nye trainee-sjukepleiarar for ein traineeperiode på to år. 10 i Haugesund og 2 på Stord. Traineeordninga er viktig for å rekruttere til faste stillingar i føretaket.

Føretaket har til ei kvar tid legar og psykologar i spesialiseringsløp innan medisinske spesialitetar. Etter forskrift om spesialistutdanning og spesialistgodkjenning for legar og tannlegar er Helse Fonna innvilga godkjenning som utdanningsverksemd av Helsedirektoratet for 19 medisinske spesialitetar. I tillegg er 8 medisinske spesialitetar under handsaming i Helsedirektoratet. For desse har føretaket ein midlertidig godkjenning.

Det vert kontinuerleg arbeidd med forbetring av utdanningsmodellen for legespesialistar og forbetring av utdanningsløpet for desse, for å sikre høgast mogleg kvalitet på spesialistar.. I fleire fag er deler av internundervisninga felles mellom sjukehusa i regionen. Betydning av planlagt og god rettleiing, supervisjon, kompetansevurdering i vurderingskollegium er særleg vektlagt. Dette blir gjort i tett samarbeid med det regionale utdanningssenter i Helse Vest (RegUt).

Føretaket har utdanningskoordinerande overlege i 20 prosent stilling og utdanningsansvarlege overlegar i alle spesialitetar. Det blir gjennomført kurs i medisinsk rettleiingspedagogikk og kurs i kommunikasjon for legar i spesialisering «4 gode vanar».. Helse Fonna deltek aktivt i dei regionale basiskursa for legar i spesialisering.

Ein plan med tiltak for berekraftig LIS-utdanning er utarbeidd i Helse Fonna. Målet med arbeidet er å sikre høg kvalitet i utdanninga og samtidig rekruttere legar til føretaket. Dette skal oppnåast ved å gjere helseføretaket konkurransedyktig og attraktivt for LIS, samt å utnytte våre styrkar som eit helseføretak med små og mellomstore sjukehus. I samband med den nasjonale auken i



Følsomhet Intern (gul)

This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.
Document ID:
F95E7AB25E8C484A9449397CF4F5CC1F

talet på LIS1stillingar i 2024 fekk Helse Fonna to ekstra LIS1-stilling våren 2024, og to ekstra stillingar hausten 2024., Totalt ei i auke på fire LIS1 stillingar i 2024. Helse Fonna har dermed 51 LIS1stillingar i 2024.

## HMS

Helse Fonna arbeider etter vedtekne mål for HMS arbeidet basert på HMS strategien i Helse Vest.

**Overordna handlingsplan**
Helse Fonna har ein overordna handlingsplan for HMS, pasientsikkerheit og ytre miljø. Målet med planen er å redusera risikoforholda i føretaket over tid. Planen vart revidert i 2024, og blir no følgt opp ved oppgåvestyring i M365. Dette gir god kontroll over overordna og klinikkvis status og sikrar god progresjon på tiltaka. Planen bygger på klinikkane sine risikovurderingar og handlingsplanar etter ForBedringsundersøkinga og er delt inn i ti ulike målgrupper. Trygge arbeidsplassar for medarbeidarar, kompetanse leiarar og medarbeidarar, behalde og rekruttera medarbeidarar, klima og miljø, internkontroll, innkjøp, teamsamarbeidsklima, 5 på topp (digitalisering, beredskap, legemiddelområda, uønska variasjon og prioritering, behalde og rekruttera medarbeidarar), smittevern, kontroll legemiddelområda. Den overordna handlingsplanen blir følgt opp i ulike fora gjennom året.

**AMU**
Arbeidsmiljøutvalet(AMU) i Helse Fonna er eit overordna arbeidsmiljøutval og bygger på samansetning og oppgåver etter arbeidsmiljølova kapittel 7. Utvalet har hatt 9 møter i 2024. Sakskartet er i hovudsak basert på AMU sitt årshjul. Klinikkdirektørane presenterer årleg korleis det vert arbeidd med det systematisk HMS arbeidet i klinikken.

**Uønska HMS hendingar**
Talet på uønska HMS hendingar i Synergi var på 1371 i 2024.Det blir jamleg rapportert på uønska HMS hendingar til AMU og til styret i Helse Fonna.

Flest uønska hendingar vart ført under psykososialt, organisatorisk og fysisk arbeidsmiljø

*Figuren under viser tal og type HMS-hendingar 2024:*




16

Følsomhet Intern (gul)

This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.
Document ID:
F95E7AB25E8C484A9449397CF4F5CC1F

**Arbeidsmiljøseminar og arbeidsmiljøpris**
Det årlege arbeidsmiljøseminaret vart arrangert 26.04.2024 i Edda kino, Haugesund. Tema og føredragshaldarar var Tor Haugnes, økonom og historikar, med tema endring, innovasjon og læring, Marianne Nordhov, barnelege, med tema RÅBRA eit positivt avvikssystem og Hilde Christiansen, direktør MOT avdelinga Helse Vest, med tema kommunikasjon, samarbeid og partsamarbeid.

Kvart år vert det delt ut ein arbeidsmiljøpris i Helse Fonna. Vinnarane av prisen i 2024 var Avdeling for helsedata som fortalte om det gode arbeidsmiljøarbeidet de har gjort.

**HMS opplæring**
Både HMS kurs for leiarar og grunnopplæring i HMS for verneombod og AMU medlemmar vart gjennomført i 2024. I tillegg er det gjennom året gjennomført fleire arbeidsmiljøsamlingar og ulike undervisningar med tema HMS og arbeidsmiljø for einingane i føretaket.

**Kollegastøtteordning**
Helse Fonna har ein organisert kollegastøtteordning. Føretaket har rundt 65 kollegastøtter som alle ønsker å bidra til eit tryggare og betre arbeidsmiljø. Desse skal yte støtte, omsorg og hjelp til sine kollegaer etter alvorlege hendingar. Kollegastøttene får opplæring, og har tilbod om årleg samling for erfarings- og kompetansedeling. BHT er rettleiar for kollegastøttene i føretaket.

## Miljø

Føretaket tek samfunnsansvaret sitt og arbeider kontinuerleg med å førebygge og redusere miljøpåverknad frå eiga verksemd og dei tenestene ein yter. Føretaket styrer sitt klima, miljø og berekraftsarbeid gjennom det systematiske styringssystemet for miljø basert på den internasjonale standarden ISO 14001:2015. Føretaket blir årleg revidert og sertifisert av eit eksternt selskap. Siste eksterne revisjon ble gjennomført oktober 2024. Føretaket har gjennomført interne revisjonar i samsvar med revisjonsplan for miljøstyring i 2024.

Det er utarbeida eit felles rammeverk for miljø- og berekraft i spesialisthelsetenesta som skal bidra til å strukturere og samordne arbeidet med miljø- og berekraft i helseføretaka for å fremje god helse og redusere klimautslepp gjennom miljøvennleg drift, sjå Spesialisthelsetjenestens rammeverk for samfunnsansvar.

Formålet med rammeverket er å klargjere kva rammer/føringar som gjeld for området og korleis spesialisthelsetenesta arbeider med samfunnsansvaret. Ei berekraftig helseteneste skal også redusere negativ påverknad på miljø og klima frå eiga drift. Hensikta er å styrke innsatsen lokalt, regionalt og nasjonalt ved felles målområde, forankringsprosesserer og aktivitetar.

Føretaket har vedteke ein miljøpolitikk som gir både retning og strategi for verdivala for eit betre klima og miljø. Overordna miljømål for perioden 2021-2024:

- Redusere føretaket sine CO2-utslepp
- Optimal bruk av legemidlar og kjemikaliar
- Redusere miljø- og klimapåverknad frå anskaffingar
- Redusere bruk av naturressursar
- Miljøbevisste medarbeidarar

Spesialisthelsetenesta sin klimarekneskap er oppdatert med data for scope 1, 2 og 3. Ein har no fått eit oppdatert faktorsett både for fysiske data og økonomiske data i tråd med anbefalingane frå Asplan Viak. Nytt frå 2024 er at ein nå også rapporterer på utslippsbaner.





This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.
Document ID:
F95E7AB25E8C484A9449397CF4F5CC1F

Føretaket rapporterer årleg til eit felles klimarekneskap for alle helseføretaka. Klimarekneskap for spesialisthelsetenesta blir publisert årleg i spesialisthelsetenesta sin rapport for samfunnsansvar.

Ein ser fortsatt miljøfordelar som følgje av færre fly- og bilreiser. I Helse Fonna har det vore ein merkbar auke i bruk av elektroniske møte både internt og eksternt, meir bruk av webinar og elektroniske pasientkonsultasjonar. Dette er både sparande for miljø, og gir ein meir effektiv ressursbruk av tilsette. Det arbeidast vidare med tiltak etter nasjonal indikator der andelen polikliniske konsultasjonar som blir gjennomført over video og telefon skal vere over 20 prosent innan 2030. Framover må ein vere meir opne for å dra nytte av alle dei fordelane teknologiske framsteg tilbyr. Noko som kan moliggjere ei meir berekraftig framtid for vår verksemd.

## Likeverd, mangfald og likestilling

Helse Fonna arbeidar aktivt og målretta for å fremje lovens formål. Aktivitetane omfattar mellom anna rekruttering, lønns- og arbeidsvilkår, forfremjing, utvikling/opplæring, tilrettelegging, kombinasjon av arbeid og familieliv, beskyttelse mot trakassering og kjønnsbasert vald i tillegg til andre relevante forhold.

Likestillings- og diskrimineringsarbeidet er forankra i føretakets ulike strategiar. Verktøy, opplæring, retningslinjer og rutinar er elles inkludert i personalpolitikken. Det er eit mål å oppnå ein balansert alders- og kjønnssamansetting, og å rekruttere kvalifiserte personar med innvandrarbakgrunn. Fokusområdet for mangfald og inkludering for føretaket i 2024:

- Leiarar på alle nivå skal ha merksemd på likestilling og mangfald, og ha høg kompetanse på alle former for diskriminering, og førebygge diskriminering
- Merksemd på tiltak som skal bidra til å auke mangfald i rekrutteringsarbeidet
- Nulltoleranse for mobbing, trakassering og diskriminering
- Skape likeverdige arbeids-, trivsels- og utviklingsmoglegheiter for kvinner og menn, fremje ein meir lik fordeling av begge kjønn i leiarstillingar og elles innanfor alle faggrupper og stillingsnivå
- Hindre at medarbeidar som får helseplager faller ut av arbeidsmiljøet og arbeide med livsfasepolitikken med hensikt på å auke pensjonsalderen

Helse Fonna er representert i det regionale arbeidet som gjeld likestilling, inkludering og mangfald. Ressursgruppa utarbeidar forslag til satsingsområde og tiltak for inkluderings-arbeidet i Helse Vest. Arbeidet skal vidare bidra til samordna rapportering og samla leggje til rette for å gjennomføre tiltak i dei respektive føretaka i regionen. Hovudmålet er å auke yrkesdeltaking frå personar med lengre opphald frå arbeidslivet eller som har nedsett funksjonsevne. Som del av dette arbeidet er det publisert e-læringsprogram for inkluderande rekruttering, som inngår i leiaropplæringa ved føretaket.

Rapport for likestilling, inkludering og mangfald ligg offentleg tilgjengeleg på føretaket sine nettsider - Likestillingsrapport - Helse Fonna HF.

## Åpenhetsloven

Åpenhetsloven som tredde i kraft 1. juli 2022 skal fremje verksemder si respekt for grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Helse Fonna HF er omfatta av åpenhetsloven og har eit pågåande arbeid med å implementere krava i lova. Styret har blitt orientert om status knytt til samfunnsansvar og implementering av openheitsloven. I saka ble



Følsomhet Intern (gul)

This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.
Document ID:
F95E7AB25E8C484A9449397CF4F5CC1F

det gjort reie for dei tiltak ein planla å kartleggje for å kunne redusere risikoen for at det blir føretatt kjøp utanfor avtale.

I løpet av året har føretaket styrka ressursar og kompetanse knytt til innkjøp.

Det føreligg krav til alle føretak i regionen om at innan utgangen av 2025 skal 90 prosent av alle kjøp være forankra i ein lovleg avtale. Føretaket har påbyrja arbeidet med å registrere kjøp som er lovlege. Når arbeidet er gjennomført vil ein hente ut rapportar frå eit regionalt rapporterings-verktøy som vil gje oversikt over alle kjøp som er føretatt både innanfor og utanfor avtale. Denne oversikten vil være eit godt grunnlag når ein skal prioritere kvisleise område ein skal ha fokus på for å få etablert fleire lovlege avtalar. Føretaket meldar fortløpande inn behov for etablering av nye lovlege avtalar til Sjukehus som er ansvarleg for å gjennomføre anskaffingsprosessar i samsvar med lov og forskrift om offentlege anskaffingar.

I løpet av året har føretaket delteke i eit regionalt arbeid kor ein har utarbeida eit felles elæringskurs innanfor innkjøpsområdet. Målsetjinga er at kurset skal være obligatorisk for alle leirar. Ein planlegg også å gjennomføre ytterlegare opplæring av leirar innanfor innkjøpsområdet. Dette for at leirar på alle nivå skal få naudsynt kunnskap om innkjøp og forstå viktigheita av at ein følger gjeldande lov og forskrift.

Føretaket har eit godt og konstruktivt samarbeid med Sjukehusinnkjøp. Fagpersonell deltek i anskaffingsprosessane som gjennomførast og ein har høg fokus på at nye avtalar blir implementer.

Utgreiinga vert lagt tilgjengeleg på Helse Fonna sine nettsider Om oss - Helse Fonna HF når den er godkjent av styret.

## Eigedomsutvikling

Føretaket disponerte ved utgangen av 2024 anslagsvis 174 111 kvadratmeter lokale, kor 11821 kvadratmeter er innleigd. Av det arealet føretaket leiger eksternt utgjer 3 613 kvadratmeter ambulanselokale. Føretaket har starta bygging av SydØst blokk ved Haugesund sjukehus. Eit bygg som vil utgjere 9 000 kvadratmeter. Deler av arealet ved Stord og Valen sjukehus er verna eller freda, noko som begrensar moglegheitene til å gjere endringar og tilpassingar.

I 2021 blei det gjennomført ein tilstandskartlegging i samsvar med føringane i Norsk Standard 3424. Denne kartlegginga blei oppdatert i 2023 og syner at bygningane til Helse Fonna samla har ei vekta tilstandsgrad på 1,51. Første kartlegging blei gjennomført i 2011 og da var vekta tilstandsgrad 1,9. Gjennomsnittet for alle helseføretak i Norge er ein tilstandsgrad på 1,5. Tilstandsgrad 0 og 1 er godkjent, medan 2 og 3 inneber behov for vedlikehaldstiltak.

Siste kartlegginga dokumenterer at det føreligg eit oppgraderingsbehov for eksisterande bygningsmasse som er kostnadsberekna til kr 2 075 milliardar fordelt over dei neste 10 åra. Tilstandskarlegging ble ikke gjennomført i 2024 da det ble utarbeidt en vedlikehaldsplan basert på tal frå 2023. Tiltak knytt til dette er dokumentert i egen plan som er utarbeidt.

| HF og lokasjon | Areal for sum | Antall bygg | Samlet VTTG | Antall TG 3 | Alder i 2023 | Behov 0-5 år MNOK | Behov 5-10 år MNOK | Behov samlet MNOK |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Helse Fonna HF** | **147 202** | **41** | **1,51** | **537** | **45** | **1 218** | **776** | **1 995** |
| Haugesund | 93 906 | 21 | | 338 | 36 | 857 | 496 | 1 353 |
| Odda | 12 004 | 3 | | 36 | 57 | 97 | 60 | 157 |
| Stord | 20 819 | 7 | | 59 | 45 | 92 | 106 | 198 |
| Valen | 20 473 | 10 | | 104 | 78 | 173 | 114 | 287 |
| **Totalt** | **147 202** | **41** | **1,51** | **537** | **45** | **1 218** | **776** | **1 995** |

* teknisk oppgraderingsbehov for kartlagt bygningsmasse



Følsomhet Intern (gul)

This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.
Document ID:
F95E7AB25E8C484A9449397CF4F5CC1F

I siste kartlegging ble totalt 147 202 kvadratmeter kartlagt, medan føretaket sin eigedomsmasse utgjer omkring 162 290 kvadrat.

**Større byggeprosjekt**

ByggHgsd2020 v/Byggetrinn 1 med alle akuttfunksjonane ved Haugesund sjukehus blei innflytta og teken i bruk august 2021 som planlagd. Ombygging av eksisterande bygningsmasse med røntgenlaboratorium og nyfødtintensiv avdeling vart ferdigstilt og teken i bruk 2022. Restmidler frå byggetrinn 1 har vore nytta i 2023 til førebuingar for byggetrinn 2. Byggetrinn 2 ved Haugesund sjukehus blei framskunda og lån blei gitt over statsbudsjettet i 2022. Forprosjektrapporten tilhøyrande byggetrinn 2 blei ferdigbehandla og vedteken med revidert framdriftsplan januar 2023 i styret i Helse Fonna HF og februar 2023 i styret Helse Vest RHF.

Byggetrinn 2 inneber eit nytt påbygg med sengepostar i 3 etasjar over noverande S-blokk og på nye fundament i 7 etasjar som erstatning for delar av dagens Ø-blokk. I tillegg vert to etasjar i S-blokk bygde om til sengepostar som vil henge saman med sengepostar i nye SØ-blokk. Arbeidet med byggetrinn 2 er delt inn i tre entreprisar. Forsterkningsarbeidet som blei tatt inn som ein del av ombygginga i BT 1, Hovudentreprisen E01 med asbestsanering, teknisk fråkopling og riving av Ø blokk samt grunnarbeid, Og Totalentreprise for nybygg, tilbygg og ombygging. Arbeid med forsterkning og hovudentreprisa vart begge ferdigstilt tidleg 2024 som planlagt. Kontrakt for Totalentreprisen E02 vart signert oktober 2023 og asjølve bygglerbeidet starta opp mars 2024 med planlagd innflytting 2027. Det er same prosjektorganisasjon ByggHgsd2020 som vert nytta i byggetrinn 2 som var i byggetrinn 1, noko som gjer at erfaringar og kompetanse kan takast med vidare. Etter ferdigstilt bygging vil desse sengepostane flytte inn i nytt areal tilpassa klinisk senter funksjon :

- Nevrologi/slag
- Eldremedisin
- Infeksjon
- Gastromedisin/nefrologi
- Barne og ungdomseining
- Hjarte/NIV/MIO
- Hematologi/onkologi/palliasjon

Etter innflytting nybygg vil ein ha ombygging mellom anna i M blokk for gastrosenter poliklinikk og dagbehandling for både kirurgi og medisin.

Sjukehusutbygginga er i 2024 i tråd med framdrift og budsjett.

Helse Fonna fekk våren 2023 førespurnad om å etablere areal for Eindoseanlegg ved Haugesund Sjukehus i Helse Fonna som skulle kunne dekke heile Helse Vest. Eindosefabrikken vart etablert i U2 S blokk ved Haugesund Sjukehus på 466 $m^2$ med dei naudsynte romma Sjukehusapoteka Vest treng for å dekke denne funksjonen. Det er og lagt inn moglegheit for utviding av utstyrsparken innafor tildelt areal. Eindoseanlegget sto ferdig som planlagt april 2024 innafor tid og budsjett. Det er Sjukehusapoteka Vest som skaffar utstyret.

## Investeringar, finansiering og likviditet

**Investeringar**
Helse Fonna har investert for 395,3 millionar kroner, kor byggetrinn 2 utgjer 343,6 millionar kroner. Investering i byggetrinn 2 utgjer 87% av total investering i 2024.



Følsomhet Intern (gul)

This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.
Document ID:
F95E7AB25E8C484A9449397CF4F5CC1F

Investeringar utanom byggetrinn 2 består hovudsakleg av investeringar gjort i medisinsk teknisk ustyr og bygningsmasse knytt til nødvendig vedlikehald og oppgraderingar i sjukehusa.

**Finansiering og likviditet**
Netto likviditetsbehaldning per 31.12. 2024 var 10,5 millionar kroner, av dette er 107,6 millionar kroner bundne skattemidlar. Innvilga driftskredittramme er 31.12.2024 på 584,1 millionar kroner. Totalkapitalen i føretaket utgjorde 4 668,1 millionar kroner per 31.12.2024. Balanseført eigenkapital per 31.12. 2024 var 1 980,2 millionar kroner eller 42% av totalkapitalen.

Føretaket har lån frå Helse Vest RHF på totalt 1 579,5 millionar kroner ved utgangen av 2024. Dette er delvis finansiering av investeringar.

## Årsresultat og disponeringar

**Generelt om rekneskapen**
Rekneskapen for 2024 er sett opp i samsvar med rekneskapsloven av 1998 og god rekneskapsskikk. Rekneskapen for året omfattar resultatrekneskap, balanse, kontantstraumoppstilling og noteopplysningar. Rekneskapen er bygd på grunnleggjande prinsipp for rekneskap i samsvar med god norsk rekneskapsskikk; transaksjonsprinsippet, oppteningsprinsippet, samanstillingsprinsippet, varsemdsprinsippet, kongruensprinsippet, sikring, beste anslag, konsistent bruk av prinsipp og føresetnad om fortsett drift. Ved utarbeiding av rekneskapen må leiinga bygge på føresetnader og anslag som vil påverke rekneskapsførte verdiar av eigedelar, gjeld, inntekter og kostnader, samt noteopplysningar og forpliktingar med vilkår. Faktiske tal kan avvike frå dei opphavlege anslaga. Pensjonsordninga tilfredsstiller krava i lov om obligatorisk tenestepensjon.

**Resultat**
Rekneskapsåret 2024 er det 22. driftsåret til Helse Fonna. Føretaket får midlar frå staten, dels som fast tilskot til drift, beredskap og infrastruktur, og dels som innsatsstyrt finansiering (ISF) basert på prising av utførte tenester.

Helse Fonna hadde i 2024 ei omsetning på 4 854 millionar kroner, mot 4 452 millionar kroner for 2023. Av inntekta i 2024 var 1 285 millionar kroner pasientrelatert inntekt inkl. ISF, 3 479 millionar kroner var rammefinansering og dei resterande 89 millionar kroner var andre inntekter.

Helse Fonna fekk eit årsresultat i 2024 på minus 47,9 millionar kroner. Ut frå eit budsjettert null-resultat gir dette eit negativt avvik samanlikna mot budsjett på 47,9 millionar kroner. Føretaket har som oppgåve å yte helsetenester innanfor ramma av tildelte ressursar (budsjett). Det er kostnader til lønn og personal og kostnader til kjøp av helsetenester som syner stort avvik mot budsjett i 2024.

**Nedskrivingar**
Det er ikkje føretatt nedskrivingar i rekneskapen for 2024.

**Kontantstraumoppstilling**
Netto kontantstraum frå operasjonell aktivitetar var i 2024 på 74,5 millionar kroner. Hovudelementa i dette forutan årsresultatet var avskrivingar på 215,9 millionar kroner, endring i omløpsmidlar på -69,9 millionar kroner og endringar i kortsiktig gjeld med -28,7 millionar kroner. Med netto kontantstraum frå finansieringsaktiviteter, er resten av årets opptente evne



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

Document ID:
F95E7AB25E8C484A9449397CF4F5CC1F

til eigenfinansieringar overført til 2025. Talet er lågare enn det som er tatt opp i ny lån gjennom året og finansieringsevner er dermed noko redusert.

Det er inga vesentlege uvisse og ekstraordinære forhold i rekneskapen for 2024.

Årsresultatet gav eit underskot på 47,9 millionar kroner og styret foreslår at dette blir dekka av annan eigenkapital.

## Framleis drift

Frå 01.01.2002 vart det godkjent avtale med Helse Vest RHF om leveranse av spesialisthelsetenester. I samsvar med regnskapslova §3-3 vert det stadfesta at forutsetningane om framleis drift er til stades og er lagt til grunn ved avlegging av årsrekneskapen. Statens ansvar for helseføretaka er regulert i Lov om helseføretak. Konkurs og gjeldsforhandling etter konkurslova kan ikkje opnast for helseføretak, jf. lovens §5.

Styret har gjennom fleire vedtak utrykt bekymring for den økonomiske bereevna, og understreka behovet for å sikre overskot frå drifta for å kunne utvikle verksemda framover. Det er iverksett ei rekke tiltak for å redusere det økonomiske avviket og sikre langsiktig berekraft og desse tiltaka fortsett gjennom kommande år medan styret følg utviklinga tett.

Styret si oppfatning er at det framleis er grunnlag for vidare drift.

**Styret**

Styret i Helse Fonna HF per 31.12.2024:
Petter Steen jr. – styreleiar
Anne Sissel Faugstad – nestleiar
Helga Arianson – medlem
Heiko Bratke – medlem
Nina Budal – medlem
Kjersti Follesø – medlem
Monica Lindseth – medlem
Per Karlsen – medlem
Ingvill Skogseth – medlem
Andrika Hagfjäll-Lande – medlem
Jo Eikeland Roald - medlem

Morten Lyngås Føyen var styremedlem til og med 25.10.2024, og vart då erstatta av Monica Lindseth.

Det vart gjennomført 5 føretaksmøte og 8 styremøte i 2024 der det vart behandla 111 saker. Styret har delteke på tre styreseminar. To av seminara var felles med styret i Helse Vest RHF og dei andre HF-styra.



Følsomhet Intern (gul)

This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.
Document ID:
F95E7AB25E8C484A9449397CF4F5CC1F

Haugesund, 27.03.2025
Styret for Helse Fonna HF

| | | |
|---|---|---|
| **Petter Steen jr.**<br>Styreleiar | **Anne Sissel Faugstad**<br>Styremedlem | **Per Karlsen**<br>Styremedlem |
| **Kjersti Follesøe**<br>Styremedlem | **Helga Arianson**<br>Styremedlem | **Ingvill Skogseth**<br>Styremedlem |
| **Jo Eikeland Roald**<br>Styremedlem | **Gloria M. Hauan**<br>Styremedlem | **Heiko Bratke**<br>Styremedlem |
| **Jorge E. M. Del Pino**<br>Styremedlem | **Andrika S. L. Hagfjäll-Lande**<br>Styremedlem | **Anders Hovland**<br>Administrerande direktør |





This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.
Document ID:
F95E7AB25E8C484A9449397CF4F5CC1F

BDO AS
Luramyrveien 40
Postboks 1107
4391 Sandnes

Til foretaksmøtet i Helse Fonna HF

# Uavhengig revisors attestasjonsuttalelse om rapport om lønn og annen godtgjørelse til ledende personer

## Konklusjon

Vi har utført et attestasjonsoppdrag for å oppnå betryggende sikkerhet for at Helse Fonna Hf sin rapport om lønn og annen godtgjørelse til ledende personer (lønnsrapporten) for regnskapsåret som ble avsluttet 31. desember 2024, er utarbeidet i samsvar med allmennaksjeloven § 6-16 b og tilhørende forskrift.

Etter vår mening er lønnsrapporten i det alt vesentlige utarbeidet i samsvar med allmennaksjeloven § 6-16 b og tilhørende forskrift.

## Styrets ansvar

Styret er ansvarlig for utarbeidelsen av lønnsrapporten og for at den inneholder de opplysninger som kreves etter allmennaksjeloven § 6-16 b og tilhørende forskrift. Styret har også ansvar for slik intern kontroll som det finner nødvendig for å utarbeide en lønnsrapport som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, hverken som følge av misligheter eller feil.

## Vår uavhengighet og kvalitetskontroll

Vi er uavhengige av selskapet slik det kreves i lov, forskrift og International Code of Ethics for Professional Accountants (inkludert internasjonale uavhengighetsstandarder) utstedt av the International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglene), og vi har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Revisjonsforetaket anvender internasjonal standard for kvalitetsstyring (ISQM) 1, som krever at revisjonsforetaket utformer, implementerer og gjennomfører et system for kvalitetsstyring som inkluderer retningslinjer eller rutiner som samsvarer med etiske krav, profesjonsstandarden og gjeldene lover og forskrifter.

## Revisors oppgaver og plikter

Vår oppgave er å gi uttrykk for en mening om lønnsrapporten inneholder de opplysninger som kreves etter allmennaksjeloven § 6-16 b og tilhørende forskrift, og at opplysningene i lønnsrapporten ikke inneholder vesentlig feilinformasjon. Vi har utført vårt arbeid i samsvar med internasjonal attestasjonsstandard (ISAE) 3000 - «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon».

Vi har gjort oss kjent med retningslinjene om fastsettelse av lønn og godtgjørelse til ledende personer som er godkjent av generalforsamlingen. Våre handlinger omfattet opparbeidelse av en forståelse av den interne kontrollen som er relevant for utarbeidelse av lønnsrapporten for å utforme kontrollhandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av selskapets interne kontroll. Videre utførte vi kontroller av fullstendigheten og nøyaktigheten av opplysningene i lønnsrapporten, herunder om den inneholder de opplysningene som kreves etter lov og tilhørende forskrift. Vi mener at innhentet bevis er tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Penneo Dokumentnøkkel: TJJZ8-QKSOF-ONNA4-15NM5-16HMJ-PN6SS

BDO AS, et norsk aksjeselskap, er deltaker i BDO International Limited, et engelsk selskap med begrenset ansvar, og er en del av det internasjonale nettverket BDO, som består av uavhengige selskaper i de enkelte land. Foretaksregisteret: NO 993 606 650 MVA.

Sandnes
Bdo AS

Ellen Marie Marvik
statsautorisert revisor
(elektronisk signert)

Penneo Dokumentnøkkel: TJJZ8-QKSOF-ONNA4-15NM5-16HMJ-PN6SS

BDO AS, et norsk aksjeselskap, er deltaker i BDO International Limited, et engelsk selskap med begrenset ansvar, og er en del av det internasjonale nettverket BDO, som består av uavhengige selskaper i de enkelte land. Foretaksregisteret: NO 993 606 650 MVA.

PENNEO

*Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur". De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.*

*"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."*

**Marvik, Ellen Marie Mo**
**Partner**
På vegne av: BDO
*Serienummer: no_bankid:9578-5997-4-628197*
*IP: 188.95.xxx.xxx*
*2025-04-30 13:53:22 UTC*

bankID

*Penneo Dokumentnøkkel: TJJZ8-QKSOF-ONNA4-15NM5-16HMJ-PN6SS*

Dette dokumentet er signert digitalt via **Penneo.com**. De signerte dataene er validert ved hjelp av den matematiske hashverdien av det originale dokumentet. All kryptografisk bevisføring er innebygd i denne PDF-en for fremtidig validering.

Dette dokumentet er forseglet med et kvalifisert elektronisk segl ved bruk av et sertifikat og et tidsstempel fra en kvalifisert tillitstjenesteleverandør.

**Slik kan du bekrefte at dokumentet er originalt**
Når du åpner dokumentet i Adobe Reader, kan du se at det er sertifisert av **Penneo A/S.** Dette beviser at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret siden tidspunktet for signeringen. Bevis for de individuelle signatørenes digitale signaturer er vedlagt dokumentet.

Du kan bekrefte de kryptografiske bevisene ved hjelp av Penneos validator, **https://penneo.com/validator**, eller andre valideringsverktøy for digitale signaturer.

BDO
Luramyrveien 40
Postboks 1107
4391 Sandnes
www.bdo.no

# Melding frå uavhengig revisor

## Til foretaksmøtet i Helse Fonna HF

### Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen til Helse Fonna Hf.

Årsrekneskapen består av:

- Balanse per 31. desember 2024
- Resultatrekneskap for 2024
- Oppstilling over kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per 31. desember 2024
- Notar til årsrekneskapen, irekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining:

- Oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- Gjev årsrekneskapen eit rettvisande bilete av den finansielle stillinga i foretaket per 31. desember 2024, og av resultata og kontantstraumane for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, i samsvar med reglane i rekneskapslova og god rekneskapsskikk i Noreg.

### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet, i samsvar med krava i lover og forskrifter i Noreg og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale standardane om habilitet), utgjeve av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og vi har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

### Annan informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for annan informasjon. Annan informasjon består av årsmeldinga.Vår konklusjon om årsrekneskapen ovanfor dekkjer ikkje annan informasjon.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese annan informasjon identifisert ovanfor for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom denne og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi har plikt til å rapportere dersom annan informasjon framstår som vesentleg feil. Vi har ingenting å rapportere i så måte.

### Konklusjon om årsmeldinga

Basert på kunnskapen vi har opparbeida oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningar som skal givast i tråd med gjeldande lovkrav.

### Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at det gjev eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er óg ansvarleg for slik intern kontroll som den finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil.

Penneo Dokumentnøkkel: HECT2-M0T2I-MYA86-YFZ2F-NECGD-TD38Y

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til foretaket si evne til vidare drift og opplyse om forhold av betyding for vidare drift. Føresetnaden om vidare drift skal leggjast til grunn for årsrekneskapen, så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

**Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen**

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ei høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom den, enkeltvis eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerdene som brukarane tar på grunnlag av årsrekneskapen.

For vidare beskriving/omtale av revisor sine oppgåver og plikter visast det til: https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger

BDO AS

Ellen Marie Marvik
statsautorisert revisor
(elektronisk signert)

Penneo Dokumentnøkkel: HECT2-M0T2I-MYA86-YFZ2F-NECGD-TD38Y

PENNEO

*Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur". De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.*

*"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."*

**Marvik, Ellen Marie Mo**
**Partner**
På vegne av: BDO
*Serienummer: no_bankid:9578-5997-4-628197*
*IP: 188.95.xxx.xxx*
*2025-04-30 13:53:22 UTC*

bankID

*Penneo Dokumentnøkkel: HECT2-M0T2I-MYA86-YFZ2F-NECGD-TD38Y*

Dette dokumentet er signert digitalt via **Penneo.com**. De signerte dataene er validert ved hjelp av den matematiske hashverdien av det originale dokumentet. All kryptografisk bevisføring er innebygd i denne PDF-en for fremtidig validering.

Dette dokumentet er forseglet med et kvalifisert elektronisk segl ved bruk av et sertifikat og et tidsstempel fra en kvalifisert tillitstjenesteleverandør.

**Slik kan du bekrefte at dokumentet er originalt**
Når du åpner dokumentet i Adobe Reader, kan du se at det er sertifisert av **Penneo A/S.** Dette beviser at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret siden tidspunktet for signeringen. Bevis for de individuelle signatørenes digitale signaturer er vedlagt dokumentet.

Du kan bekrefte de kryptografiske bevisene ved hjelp av Penneos validator, **https://penneo.com/validator**, eller andre valideringsverktøy for digitale signaturer.

Admincontrol

# List of Signatures

Page 1/1

**Sak 20-25 Godtgjørelserapport leiare og styret HF 2024-vedl...**

| Name | Method | Signed at |
|---|---|---|
| Follesø, Kjersti Helen | BANKID | 2025-04-04 18:07 GMT+02 |
| Roald, Jo Eikeland | BANKID | 2025-04-11 13:07 GMT+02 |
| Faugstad, Anne Sissel | BANKID | 2025-04-04 17:01 GMT+02 |
| Arianson, Helga Karin | BANKID | 2025-04-04 14:41 GMT+02 |
| Hagfjall, Andrika Sabine Linnea | BANKID | 2025-04-11 13:23 GMT+02 |
| Del Pino, Jorge E Morales | BANKID | 2025-04-04 14:21 GMT+02 |
| Bratke, Heiko | BANKID | 2025-04-11 13:08 GMT+02 |
| Karlsen, Per | BANKID | 2025-04-04 12:57 GMT+02 |
| HOVLAND, ANDERS | BANKID | 2025-04-11 11:25 GMT+02 |
| Steen, Petter | BANKID | 2025-04-09 13:42 GMT+02 |
| Hauan, Gloria Martinsdóttir | BANKID | 2025-04-08 20:35 GMT+02 |
| Skogseth, Ingvill | BANKID | 2025-04-05 10:26 GMT+02 |

This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

External reference: 3DEBCE3564164DEBBD24BF8E43BB9413

## Rapport om godtgjersle til leiande tilsette

Etter allmennaksjelova § 6-16 b), som også er gjort gjeldande for føretak med statleg eigardel, skal styret i føretaket kvart rekneskapsår utarbeide ein rapport som gir ei samla oversikt over utbetalt og innestående løn og godtgjersle til leiande personar som er omfatta av retningslinjene definert i § 6-16 a). Rapporten oppfyller dei krav som går fram av «Forskrift om retningslinjer og rapport om godtgjersle for leiande personar».

Rapporten fyller også krava til noteopplysningar i årsrekneskapen etter rekneskapslova § 7-31b og 7-32

**Tabell 1 – Hovudelement i godtgjersleordninga for leiargruppa**

| Godtgjersle | Kommentarar |
|---|---|
| Fast løn | Ved fastsetjing av løn til leiargruppa blir det lagt vekt på<br><br>- Lønsutviklinga i føretaket generelt<br>- Lønsutviklinga i stillingar som kan samanliknast<br>- Resultatutvikling i forhold til dei mål og krav styret har sett<br><br>Lønsutviklinga i føretaket generelt har som målsetjing å tilby leiarane konkurransedyktig løn, men samtidig bidra til moderasjon i leiarlønningane.<br><br>Løn til administrerande direktør blir fastsett av styret. Løn til leiargruppa elles blir fastsett administrativt. |
| Variabel løn | Føretaket si leiargruppe har ingen variable lønselement eller langtidsintensivordningar |
| Pensjonsopptening | Administrerande direktør og leiargruppa elles har ordinære pensjonsvilkår.<br><br>Om administrerande direktør eller nokon andre i leiargruppa har pensjon utover 12G eller andre særskilte pensjonsavtalar bør det nemnast her. |
| **Andre godtgjersler** | |
| Forsikringar | Personal-, helse- og reiseforsikring ihht standard for andre tilsette i føretaket.<br>Føretaket har ikkje styreansvarsforsikring |
| Bilgodtgjersler | Ingen i leiargruppa har firmabil eller fast bilgodtgjersle. |
| Øvrige goder | Andre goder inkluderer avis, mobiltelefon og dekking av breibandskommunikasjon i samsvar med etablerte standardar |
| Avtalefesta permisjonar | Ingen av dei tilsette i leiargruppa har inngått avtale om avtalefesta permisjon. |
| Lån og garantier | Det er ikkje gitt lån eller garantiar til styreleiar, medlemmer av styret, administrerande direktør eller nokon andre i leiargruppa |
| Sluttvederlag | Det er inngått avtale med administrerande direktør om inntil 12 månaders etterløn, dersom han blir sagt opp eller sjølv seier opp på oppfordring frå styret eller styreleiar. |
| Erklæring om fastsetjing av løn og godtgjersle for leiande tilsette | Helse Fonna HF følgjer retningsliner og tilsetjingsvilkår for leiarar i statlege føretak og selskap med statleg eigardel, kor hovudprinsippet er at leiarlønningane i føretaka skal vere konkurransedyktige, men ikkje lønnsleiande samanlikna med tilsvarande føretak. Føretaket skal bidra til moderasjon i leiarlønningane. |
| Utgreiing leiarlønspolitikken i 2024 | Løn og godtgjersle til administrerande direktør er behandla og fastsett av styret i styresak 88/23. Løn og godtgjersle for anna leiande tilsette er fastsett administrativt. Helse Fonna HF har lagt til grunn retningsliner fastsett i føretaksmøte. |

This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

Document ID:
3DEBCE3564164DEBBD24BF8E43BB9413

**Tabell 2 – Løn og anna godtgjersle til leiande tilsette**

*Tal i heile (tusen) kroner*

| Navn på leiande tilsett og stilling | Rekneskapsår | 1. Fast Løn | 2. Pensjonsopptening *) | 3. Andre godtgjersler | 4. Total godtgjersle | 5. Ytingar frå andre foretak i konsernet | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | 5.1 Løn | 5.2 Annen godtgjersle |
| Alvestad, Leif Terje | 2024 | | 497 | 131 | 3 | 631 | |
| Direktør Drift fra 01.11.2007 - 20.06.2024* | 2023 | | 1264 | 266 | 1 | 1 531 | |
| Andreassen, Andreas | 2024 | | 1463 | 293 | 10 | 1 766 | |
| Fagdirektør fra 01.12.2022 | 2023 | | 1379 | 277 | 1 | 1 657 | |
| Brandsø, John Conrad | 2024 | | 1269 | 252 | 7 | 1 528 | |
| Klinikkdirektør - Klinikk for medisin Hgsd og Odda | 2023 | | 1161 | 246 | 2 | 1 409 | |
| Eikeset, Kenneth | 2024 | | 1789 | 287 | 8 | 2 084 | |
| Klinikkdirektør - Klinikk for psykisk helsevern og rus | 2023 | | 1618 | 261 | 2 | 1 882 | |
| Etterlid, Hege | 2024 | | 1302 | 313 | 5 | 1 620 | |
| Økonomidirektør fra 01.02.2022 | 2023 | | 1240 | 308 | 4 | 1 552 | |
| Rogde, Sølvi Apeland | 2024 | | 1318 | 112 | 23 | 1 453 | |
| Konstituert økonomidirektør fra 01.12.23 | 2023 | | 111 | 9 | 0 | 120 | |
| Austlid, Sunniva | 2024 | | 253 | 45 | 1 | 299 | |
| Klinikkdirektør - Klinikk Somatikk Stord - fra 21.10.2024 | 2023 | | 0 | 0 | 0 | 0 | |
| Hovland, Anders | 2024 | | 2072 | 402 | 9 | 2 484 | |
| Administrerende direktør fra 01.04.2023 | 2023 | | 1426 | 297 | 2 | 1 725 | |
| Klausen, Olav Godtfred | 2024 | | 0 | 0 | 0 | 0 | |
| Administrerende direktør til 31.03.2023 | 2023 | | 550 | 66 | 0 | 616 | |
| Kydland, Magne | 2024 | | 1205 | 246 | 7 | 1 458 | |
| Kommunikasjonssjef | 2023 | | 1145 | 258 | 1 | 1 404 | |
| Kyvik, Ingvill Hystad | 2024 | | 1220 | 279 | 8 | 1 506 | |
| Klinikkdirektør - Klinikk for medisinske tenester og beredskap - fra 18.01.2023 | 2023 | | 1140 | 310 | 1 | 1 451 | |
| Lien, Sverre Kolbeinsen | 2024 | | 0 | 0 | 0 | 0 | |
| Klinikkdirektør - Klinikk for medisinske tenester og beredskap til 17.01.2023 | 2023 | | 56 | 10 | 0 | 66 | |
| Løklingholm, Aud Gunn | 2024 | | 1195 | 276 | 9 | 1 479 | |
| Administrasjonssjef | 2023 | | 1140 | 290 | 3 | 1 433 | |
| Mjør, Reidun Rasmussen | 2024 | | 1208 | 255 | 22 | 1 485 | |
| Klinikkdirektør - Stord somatikk - fra 21.08.2018 til 16.08.2020* | 2023 | | 0 | 0 | 0 | 0 | |
| Nemeth, Laila Marie Ramstad | 2024 | | 1363 | 286 | 6 | 1 655 | |
| Direktør byggprosjekt | 2023 | | 1286 | 272 | 1 | 1 559 | |
| Njærheim, Anne Beth | 2024 | | 878 | 149 | 21 | 1 048 | |
| Klinikkdirektør - Klinikk somatikk Stord - fra 01.08.2020 - 20.10.2024. Fagsjef fra 21.10.2024 | 2023 | | 1177 | 196 | 0 | 1 373 | |
| Dahle, Kristin Marie | 2024 | | 627 | 220 | 3 | 850 | |
| HR-direktør fra 02.10.2023 - 31.07.2024* | 2023 | | 319 | 87 | 0 | 405 | |
| Hinderaker, Siren Eldøy | 2024 | | 343 | 0 | 1 | 344 | |
| HR-direktør fra 01.10.2024* | 2023 | | 0 | 0 | 0 | 0 | |
| Onarheim, Helga Stautland | 2024 | | 0 | 0 | 0 | 0 | |
| HR-direktør til 30.09.2023 | 2023 | | 1120 | 188 | 16 | 1 324 | |
| Tollaksen, Kjersti | 2024 | | 1280 | 233 | 1 | 1 513 | |
| Klinikkdirektør - Klinikk for kirurgi Hgsd. | 2023 | | 1180 | 223 | 0 | 1 403 | |

**) Pensjonskostnad for leiande tilsette er berekna som noverdien av årets pensjonsopptening, verdien av at tilsette tener opp eitt år meir pensjonsrettar, knytt til leiande tilsettes medlemskap i ordinære offentlege tenestepensjonsordning for*
*Årets pensjonsopptening utgjer eit års del av dei totale framtidige pensjonsrettane som er forventa å tene opp frå innmelding i tenestepensjonsordninga fram til forventa pensjonsalder.*
*Det er anvend dei føresetnader som blir anvend etter NRS 6 for måling av pensjonsordningas pensjonskostnader i rekneskapsåret.*

This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

Document ID:
3DEBCE3564164DEBBD24BF8E43BB9413

**Tabell 3 – Samanlikningstabell total godtgjersle for leiande tilsette dei siste 5 åra**
*Tal i hele (tusen) kroner og prosent*

| Årleg endring | Maleeining | Endring frå føregåande år 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Total godtgjersle for leiande tilsette** | | | | | | |
| Alvestad, Leif Terje | kroner | 15 | 49 | 57 | 53 | 77 |
| Direktør Drift fra 01.11.2007 - 20.06.2024* | prosent | 1,1 % | 3,6 % | 4,0 % | 3,6 % | 5,0 % |
| Andreassen, Andreas | kroner | | | | 7 | 109 |
| Fagdirektør fra 01.12.2022 * | prosent | | | | 0,4 % | 6,6 % |
| Brandsø, John Conrad | kroner | 13 | 53 | 67 | 59 | 119 |
| Klinikkdirektør - Klinikk for medisin Hgsd og Odda - fra 12.09.2018 | prosent | 1,1 % | 4,3 % | 5,2 % | 4,3 % | 8,4 % |
| Eikeset, Kenneth 2) | kroner | 32 | 87 | 90 | 75 | 202 |
| Klinikkkdirektør - Klinikk for psykisk helsevern og rus - fra 18.06.2012 | prosent | 2,0 % | 5,3 % | 5,2 % | 4,1 % | 10,7 % |
| Etterlid, Hege 1) | kroner | | | | 98 | 67 |
| Økonomidirektør fra 01.02.2022 * | prosent | | | | 6,8 % | 4,3 % |
| Rogde, Sølvi Apeland | kroner | | | | | 114 |
| Konstituert økonomidirektør fra 01.12.23* | prosent | | | | | 8,6 % |
| Frøyland, Jan Håvard | kroner | -7 | 59 | | | |
| Økonomidirektør fra 21.01.2013 - 31.05.2021* | prosent | -0,6 % | 4,6 % | | | |
| Hellesund, Kjell Rune | kroner | | | 11 | | |
| Konst. økonomidirektør fra 01.06.2021 - 31.01.2022* | prosent | | | 0,9 % | | |
| Hovland, Anders | kroner | | | | | 130 |
